

## Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet

Natalia Golis (MDG) sette på vegner av MDG, A, Sp, SV, KrF og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Mål 2 Klima og Miljø som premiss for samfunnsutvikling:  
2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.»

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.  
Golis sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (Frp, 1FNB).

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 med dei endringar som kjem fram i saka, og slikt tillegg:
  - a. 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
2. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å gjere tekstlege endringar i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide eigen sak til fylkesutvalet om vidare oppfølging av Utviklingsplanen.